



Slik skriv vi namnet, seier Ann Christin og Camilla Helen

**Måndag er det 20 år sidan Ann Christin Huke kjøpte Zjakk frisørsalong av Kjersti Brakstad og etablerte seg her.. Jubileet vil bli markert både med gode klippetilbod og marsipankake. Ho var 22 år og hadde nettopp avvikla læretida si i Rosendal.**

- Døypete du salongen til Zjakk?

- Nei, namnet var ein del av handelen og eg veit framleis ikkje kvifor det heiter Zjakk med Z, seier Ann Christin som for ein gongs skuld ventar forgiveves på ein kunde. Ho prisar dei mange gode og trufaste kundane som kjem frå alle kantar av kommunen men naturleg nok mest frå Uskedalen.

Dei 20 åra har gått som ein røyk, ho tykkjer etableringa skjedde i går. Det har vore ein samanhengjande opptur som slett ikkje har vore stressande, forsikrar både ho og kollega Camilla Helen Heggøy. Dei er 3 på laget og den tredje er Klara Bakke. Og 3 vil dei framleis vera, for ventelistene er lange, faktisk opptil 4 veker.

Litt historikk må til: Ann Christin starta på Solheim. I 1997 ansatte ho Klara. Året etter gjekk dei i kompaniskap og flytta til Brekketoppen og der var dei til flyttinga til gamlekoopen der dei nå har vore i 5 år.

Gjennom åra har dei hatt 3 lærlingar - det er Ann Kristin Viken, Linn Helen Fausk og Karianne Solheim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen